



MØTEPROTOKOLL

Utval: Temagruppe for kulturbygging i Nye Volda Kommune

Møtestad: Kommunehuset Smia, Hornindal

Dato: 9.1.2018

Tid: 16:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Odd Harald Sundal	Leiar	Fellesnemnda
Astrid Gjersdal	Medlem	Frivilligsentralen i Volda
Ola Bergset Ulvedal	Medlem	Hornindal Frivilligsentral
Sigurd Tverberg	Medlem	Volda Ungdomsråd
Anett Mari Bugjerde	Medlem	Ressursperson Hornindal

Dette er første møte med heile gruppa samla. Mandatet til denne gruppa er vidt og omfattande, men viktig og spennande. Gruppa tolkar mandatet dit hen at vi kort sagt skal jobbe for å knyte nærare band mellom folket i Hornindal og Volda kommunar. Her er det viktig å hugse på å ta med heile kommunane og ikkje berre strekninga mellom Grodås og Volda sentrum.

Det vil vere ein lang prosess og vi vil først sjå om det har noko effekt når det har gått ei tid. Følgjande vert trekt fram som essensen i mandatet og er det vi vil fokusere mest på:

*Skal ein lukkast i arbeidet med å bygge felles identitet og samhald må ein få til engasjement og finne **arenaer og møteplassar** der folk kjem saman og skaper sosiale relasjonar.*

Gruppa vil jobbe både gjennom (sosiale) media og gjennom å stimulere til at folk treff kvarandre ansikt til ansikt.

Det er fleire måtar å gjere det på:

- skape nye møteplassar

Dømer på dette kan vere fjellturar, konsertar, større arrangement som vi sjølve tek initiativ til å arrangere.

- spele på eksisterande møteplassar

Det finnst mange faste *mindre møteplassar* som t.d. seniortreff, trimgrupper, fritidsklubb, småbarnstreff, etc. i begge kommunane. Gruppa ynskjer å kome i kontakt med lag og organisasjonar som er ansvarlege for desse treffa og kartlegge kor mykje kontakt dei har med sine «søskenorganisasjonar» over kommunegrensa. Vi vil jobbe for å legge til rette for at desse



organisasjonane kan få til fellesaktivitetar på tvers av grensa. Dersom vi greier å inspirere og legge til rette for dette kan vi få til mykje meir enn dersom vi skal prøve å lage nye arrangement sjølve.

I tillegg finnast det mange *større arrangement*. Gruppa skal jobbe med å lage ein mest mogleg fullstendig arrangementskalender for deretter jobbe for at folk i endå større grad deltek på desse arrangementa på tvers av kommunegrensa.

Som del av dette mandatet er også gruppa i gong med eit venebenkprosjekt. I samarbeid med Hornindal Skule og to skular i Volda har det blitt gjennomført ein teiknekonkurranse i mellomtrinnet der elevar har teikna venebenkar. Kvar benk skal ha kjenneteikn frå kommunen eleven høyrer til og vinnaren sitt forslag vil verte utgangspunkt for benken som vert bygd. Hornindalsbenken skal stå i Volda og Voldabenken i Hornindal. Benkane skal også verte utstyrt med QR- og snapchat-kodar som skal linkast opp mot Nye Volda si nettside og snapchat-konto. Såleis vil ein ha moglegheiter for å bruke benken som ei utveksling av informasjon og meiningar mellom kommunane. Eksempelvis kan det vere moglegheit for at folk kan sende inn videosnuttar der dei kommenterar aktuelle saker. Moglegheitene er mange.

Ekstra fokus på ungdom

Begge kommunane slit med å engasjere ungdommar. Vi ynskjer difor å lage eit felles arrangement for begge kommunane der det vert sett opp bussar for å frakte ungdommane til/frå arrangementet. Ungdommar i begge kommunane må vere med på planlegging og gjennomføring av desse arrangementa. Vi bør ha eitt slikt arrangement i 2018 og eitt i 2019.

Til neste gong.

- Lage komplett oversikt over lag og organisasjonar i begge kommunane
- Lage oversikt over større arrangement i begge kommunane
- Kartlegge eksisterande samarbeid mellom lag og organisasjonar på tvers av grensa.

Gruppa satsar på møte éin gong i månaden.

Neste møte vert 01.02.